

Fra: Christel Villanger Håland <christel@villanger.net>
Sendt: mandag 30. august 2021 19:13
Til: Postmottak Alver
Kopi: Remi Jarle Helland
Emne: Fwd: Fwd: Mangersnesvegen 63

Heisann

Viser til vedlagte e-post og tillet meg å spørje kortid ein kan forvente svar?

Har heller ikkje mottatt svar på at Mail er mottatt, noko eg alltid har fått i Radøy Kommune.

Sendte også for mange månader sidan, pr post, inn ei sak om grensejustering på eigedom, uten noko svar, verken på eine eller andre måten. Her snakkar me om månader sidan og ei sak som burde vore ferdig for lenge sidan.

Ser fram til å høre frå Dykk.

Med venleg helsing

Christel Villanger Håland

Mobil: +47 93 02 51 56

E-post: christel@villanger.net

----- Videresendt melding -----

Fra: Christel Villanger Håland <christel@villanger.net>
Dato: 16. august 2021 kl. 09:45 sentraleuropeisk sommertid
Emne: Fwd: Mangersnesvegen 63
Til: Post@alver.kommune.no
Kopi: Remi Jarle Helland <remi.j.helland@gmail.com>

Hei

Sender med dette ein forespørsel og håpar på ein uttale i samband med at me ynskjer å endre litt på garasjebygningen som i dag eksisterar på vår eigedom, Mangersnesvegen 63, Bnr, 445/327.

Me ynskjer å gjere denne om til bod og utestove. I matrikkelen står det at garasjen er "garasejuthus annekts til bolig". Me ynskjer vidare å byggje ny garasje i tillegg.

Slik vår garasje er i dag er den lite egna til bruk av køyretøy, inn/ ut og oppbevaring av dei. Den er liten for oppbevaring av 2 bilar og tilkomsten er gjennom uteparkeringen. Dette gjer det vanskeleg å nytte den på ein god og praktisk måte.

Samstundes ynskjer me, og har trøng for større bodplass og me har også ynskje om ei utesovle på tomtten. Det er i matrikkelen innteikna ei utesovle? på den nordre husveggen, men der er det kun støpt ei plate og me har ingen plan om å bygge den der.

Me har snakka med både byggmester og entreprenør, som begge synes det virker praktisk og fornuftig med ei slik ynskjeleg løysing som me skisserar her. Men, me kunne tenkt oss eit lite "vink" på om dette er gjennomførbart og om det er ei like enkel sak som dei seier, før me går vidare i prosessen.

Me har ein stor tomt, 1302,7 kvm, og utnyttingsgraden ift buareal vil ikkje verta overskrida med desse nye tiltaka. Garasjen me vil setje opp er innanfor storleiken som byggesaksforskrifta tillet og som gjeldande Kommuneplan for Radøy viser til, under 50 kvm.

Sidan me grensar mot FV og bygget vil koma nærmare denne enn 50 m, så reknar me med at me må søkje dispensasjon ift byggjegrense mot veg?
Søkjer me til kommunen og så ordnar kommunen søknaden vidare til Fylket i behandlinga?

Me håpar me kan få eit enkelt svar og at me kan gå i gong med prosessen så snart som mulig.
På førehand takk.

Med venleg helsing

*Christel Håland og Remi Helland
Mobil: +47 93 02 51 56 / +47 48 11 39 98*